

# Vestlandsrådet

## REVIDERT SAMARBEIDSAVTALE FOR VESTLANDSRÅDET

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsorgan for fylkeskommunane på Vestlandet. Samarbeidet er oppretta med heimel i Kommunelova § 27 og vert drive av Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Mandatet til Vestlandsrådet er gitt i vedtektene og er elles regulert gjennom denne samarbeidsavtalen.

Samarbeidsavtalen legg vekt på det politiske samarbeidet og skal styrke den politiske leiarskapen i rådet.

Arbeidet i Vestlandsrådet skal byggje på rausheit, respekt for kvarande sine særpreg og ei positiv innstilling til samarbeid.

I tillegg til det som er regulert gjennom vedtektene, er dei samarbeidande fylka samde om følgjande køyrereglar for samarbeidet:

- Medlemsfylka forpliktar seg til å informere rådet om saker som kan vere av felles interesse.
- Medlemsfylka skal vere opne for samarbeid med andre fylke utanom Vestlandsrådet i saker der dette fall naturleg.

### Føremål

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet:

- styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
- koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde og utvikle effektive tenester på tvers av fylkesgrensene
- fremje andre politiske saker av felles interesse
- aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
- skape samhandlingsarenaer på Vestlandet
- ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene
- Samarbeid om enkeltprosjekt skal som hovudregel gjennomførast i regi av to eller fleire av medlemsfylka.

### Organisering

Samansetjinga av Vestlandsrådet er regulert i § 4 i vedtektene. Oppgåver og vedtaksmynde er regulert i §7 og vedtak blir gjorde med endeleg og bindande verknad ved vanleg fleirtalsavgjerd.

Vestlandsrådet har minst tre ordinære møte i året. Det blir lagt opp til følgjande møtестruktur:

- 2 dagsmøte
- 1 møte over to dagar. Dag ein vert brukt til orienteringar om viktige saksområde som Vestlandsrådets arbeidar med.

# Vestlandsrådet

Leiarvervet skal gå på omgang mellom fylkesordførarane i medlemsfylka. Leiarperioden skal vere eitt år. Jfr § 5 i vedtektene.

Det er oppretta ei stilling som sekretariatsleiar. Sekretariatsleiar rapporterer til fylkesrådmannen i det fylket som har leiarvervet. Sekretariatet skal trekkje på dei totale ressursane i dei fire fylkeskommunane. Jfr § 9 i vedtektene.

Fylkesrådmannen i det fylket som har leiarvervet har tilrådingsrett til rådet.

Det er oppretta eit AU med dei fire fylkesordførarane. AU skal ha følgjande funksjonar:

- AU skal vere eit organ som set den politiske dagsorden; – avklare kva saker som ein skal jobbe med mellom møta og fastsete rammer og program for møta i Vestlandsrådet.
- AU skal ta avgjerd i saker mellom møta der dette er nødvendig og etter mynde frå Rådet.

Fylkesordføraren i neste leiarskapsfylke er nestleiar for rådet. Jfr. § 5 i vedtektene.

I kvart rådsmøte skal det setjast av tid til ein open time der det blir gitt høve for medlemane i rådet å ta opp saker og å stille grunngitte spørsmål.

Vestlandsrådet bør evaluerast mot slutten av valperioden.

## **Satsingsområde for samarbeidet**

Vestlandsrådet skal koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor følgjande prioriterte satsingsområde:

- Internasjonalt arbeid
- Samferdsle
- Innovasjon, næringsretta FOU og næringsutvikling
- Kystressursforvaltning – marin verdiskaping
- Kultur kor det finnes klare fellesinteresser

I tillegg skal det følgjande verta vektlagd:

- Definererte fellesprosjekt
- Felles oppgåveløysing kor det er naturleg med samarbeid
- Lobby og politisk beredskap

Innanfor desse satsingsområda skal det utarbeidast ein felles plattform for det vidare arbeidet.

På andre område kan saker bli fremja ved behov og følgjer elles etablerte rutinar for saksbehandling.